
Fra: Monica Finden <Monica.Finden@aurland.kommune.no>
Sendt: 11. september 2020 15:30
Til: Postmottak
Emne: Høyringsuttale - ny forskrift om økonomiforvaltninga i sokn i Dnk

Aurland kyrkjestyre (fellesråd) gjorde i møte 10.09.2020 i sak 013/20 fylgjande samrøystes vedtak:
«Høyringsuttale frå Aurland kyrkjestyre vedr. «Forslag til forskrift om økonomiforvaltninga i sokn i Den norske kyrkja»:

Til del 2:

- **2 Det er positivt at kyrkja skal vidareføre bruk av kommunale rekneskapsprinsipp.**
- **3 Dei språklege endringane for fellesråd og sokneråd er ok.**
- **4 Tilpassing til ny kommunelov med forskrift er ok.**
- **5.3 Positivt at det ikkje er plikt til å lage investeringsbudsjett og –rekneskap når det ikkje skal gjerast investeringar i budsjettåret.**
- **5.7 Det er positivt at ein framleis kan nytte disposisjonsfond til å finansiere investeringar.**
- **6.1 Det kan gi utfordringar om ein deler tilskotet til kyrkjegardar frå resten av tilskotet til drift av kyrkja, ikkje nødvendigvis pga. økonomien, men pga. at det kan legge grunnlag for å skille gravferdsforvaltninga frå kyrkja og til kommunen.**
- **6.3 Der det er eit felles styringsorgan for fleire sokn (jfr. prøveordning med felles sokneråd for fleire sokn), bør det ikkje setjast krav om rapportering utover det som vert rapportert til SSB.**

Til del 3:

- **Det er positivt at det uttrykkelege kravet om at rekneskapen skal underteiknast vert oppheva.**
- **Det bør ikkje vere noko krav at revisjonsmeldinga skal komme etter at rekneskap og årsmelding er vedteke. I praksis vert rekneskap, årsmelding og revisjonsmelding lagt fram i same møtet, og den rekneskapen som vert lagt fram for vedtak, er etter etter at revisjon er gjennomført. Det er difor uvanleg at rådet gjer endringar i framlagt rekneskap og dermed kan revisjonsmeldinga takast samstundes.**

Til del 4:

- **Positivt at kyrkja skal vidareføre bruk av kommunale rekneskapsprinsipp.**
- **I og med at det no går i retning av å likestille Dnk og andre trussamfunn, so kan det vere eigna at departementet gir alt av forskrift for økonomiforvaltninga for kyrkja. Dette grunngjeve med at alle trussamfunn då rapporterar på felles krav.»**

Med helsing
Aurland kyrkjelydskontor
Monica Finden
kyrkjeverje